

DAG SEIERSTAD:

Hvordan kan vi hjelpe et Europa i krise?

Kommentar, side 3

VIKARBYRÅDIREKTIV:

Ap trassar ei samla fagrørsle!

Side 4 og 5

NYTT, GRATIS VETT-HEFTE:

25 eksempler på EØS-innblanding i samfunnet vårt

Side 12 og vedlagt Vett-hefte



EØS-KONFERANSE 17. MARS:

Hva er ditt alternativ?

■ 15. mars legger Alternativprosjektet fram sin rapport. Den presenterer åtte ulike alternativ til dagens EØS-avtale.

■ Nå er det opp til *deg*, sammen med Nei til EU, partiene og organisasjonene, å sikre at EØS-debatten får driv.

■ El og IT Forbundet, Fagforbundet, SV og Senterpartiet tar opp hansken.

■ Nei til EU starter debatten med konferanse lørdag 17. mars. Bli med du og! **Lederen og sidene 8-12**



Meld deg inn med SMS

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (Kroner 150,-)



Av Heming Olaussen, leder i Nei til EU
Tegning Pål Hansen, alias UKRUT.no

„Jeg var tilhenger i 1994, og mener fortsatt prinsipielt at Norge bør være med i EU, som de siste femti årene har bidratt til å skape fred i Europa. Men jeg ser ikke noen situasjon der det er aktuelt for Norge i dag, og derfor ville jeg måtte tenke meg om to ganger om jeg fikk spørsmålet nå.

Utenriksminister Jonas Gahr Støre i Klassekampen 23. januar 2012.

Den nye EU-debatten: Den som Norge trenger

- I Norge sier opptil 80 prosent nei til EU. Det har vært nei-flertall i sju år.
- Jens Stoltenberg har avlyst all EU-omkamp for sin del.
- I EU er det krise, motsetninger og forvirring.
- EU er likevel i praksis på full fart mot en type føderal statsdannelse.

Mot dette bakteppet er det et nasjonalt ansvar for norske politikere, organisasjoner, media og samfunnet som helhet å redefinere vårt forhold til EU. Medlemskap er uaktuelt, og vil bli det i mange år – kanskje for alltid. Og da snakker vi ikke om «medlemskap», men å inngå i en Europeisk føderalstat og oppløse Norge som suveren stat. Det ansvarlige i denne situasjonen er ikke å slå ring om EØS-avtalen. Det ansvarlige er å stille spørsmålet: Hva ivaretar vitale norske interesser best i forhold til EU i årene framover? For å samarbeide og handle med EU, det skal vi. Det er alle enige om.

Da må man også være villig til å se på EUs utvikling, og hvilke konsekvenser denne har og kan ha for Norge. Å forholde seg til EU slik Europautredningen har gjort – som en kjent og statisk størrelse – kan fort bære galt av sted.

I de siste årene har vi sett et EU som beveger seg raskt bort fra det vi kan gjenkjenne i «den nordiske modellen», og over i en utvikling der markedsinteressene i sterk grad går foran og på bekostning av demokratiet og andre sentrale samfunnsverdier. Vi har sett det i EUs håndtering av krisa, der tre spor følges: Kutt i levestandard og velferdsgoder for vanlige mennesker, tilsidesetting av demokratisk legitimitet ved å presse fram innsetting av EU-lojale statsministere i Hellas og Italia, og kraftig overføring av makt til Brussel på bekostning av medlemslandenes autonomi. Det er dette EU vi skal forhandle med og avtale med i framtida.

Dette EU vedtar lover og regler som i stadig sterkere grad svekker arbeidsfolks og fagbevegelsens stilling, også i Norge. Det er dette EU som nå påfører



oss alkoholreklame på TV, på tross av at få i det norske samfunnet har ønsket det. Det er dette EU som vil at Norge skal liberalisere handelen med matvarer enda mer, slik at EU kan eksportere mer til Norge. Det er dette EU som gjør at norsk politikk på område etter område blir mindre og mindre styrt av nasjonale interesser. Noen eksempler er energilovgivning, olje- og gassvirksomheten, distriktpolitikken og likestillingspolitikken. For flere konkrete eksempler, se Nei til EUs skriftserie Vett, nr. 1-2012.

Innsikten i at det er EØS-avtalen som påfører oss disse samfunnsendringene vi verken har ønsket eller etterspurt, er voksende. Først og fremst i fagbevegelsen, men også i andre leire. Det er svært interessant når ledende folk i FrP nå stiller spørsmålsteget ved EØS. Også

blant kristenfolket ser vi at kritikken framføres. Dette er nye, og uvante toner – men det viser at EØS-kritikk er et mye bredere fenomen enn Støre vil ha det til. Meningsmålinger viser et stabilt bilde av at befolkningen klart foretrekker en handelsavtale framfor EØS.

Europautredningen (NOU 2/2012) viser først og fremst en ting: At det er behov for kunnskap og debatt om EØS-avtalens mange tilsikta og utilsikta virkninger for det norske samfunn og demokrati.

Det er i denne situasjonen at Alternativprosjektet legger fram sin alternativrapport om EØS, og viser oss at Norge har en rekke valgmuligheter. EØS er slett ikke den eneste saliggjørende veien. Norge kan velge en ny vei

til Brussel, dersom det er politisk vilje og mot. Først og fremst må det være vilje og mot til debatt. Parolen om «å slå ring om EØS» er ingen åpen invitasjon til en bred samfunnsdebatt, men et angstpreget forsvar for det bestående. Et konservativt svar. Det trengs mer radikale ideer for å komme i inngrep med en verden i forandring. Den mest sentrale verdien som må forsvares og videreutvikles er ideen om folkestyre – demokrati. Det er demokratiet som står i fokus i de mest brennende konfliktene i hele verden. Og det er som eksempel på demokrati at EU faller igjennom, og som EØS faller totalt igjennom. Hvordan kan man hevde demokratiske idealer og samtidig forsvare EØS-avtalen? Det er umulig. Gjenreis demokratiet og reis debatten om alternativer til EØS!

Standpunkt

TIPS OSS! Standpunkt-redaksjonen blir alltid glad for tips fra leserne. E-post: standpunkt@neitileu.no | SMS: Send NTEU tips [ditt tips] til 2030

Ansvarlig redaktør: Heming Olaussen
Redaktør: Sindre Humberset
Layout: Eivind Formoe
Redaksjon: Hildegunn Gjengedal, Marianne Granheim Trøyflat og Dag Seierstad.
Korrektur: Lill Fanny Sæther, Elisabeth

Gundersen, Jens Kihl og Kjell Arnestad.
Opplag: 33 000
Post- og besøksadresse: Storgata 32, 0184 Oslo
Kontakt oss: standpunkt@neitileu.no
Telefon: 22 17 90 20

Redaksjonen avsluttet: 27.2.2012
Medlemskap i Nei til EU koster 290,- kroner pr. år, og kan betales inn til kontonummer 7874 05 01517.
Trykkansvarlig: Datatrykk

Annonser og istikk: Ta kontakt for pris og informasjon. Budskapet i annonser og istikk står for annonsørens regning og trenger ikke være sammenfallende med Nei til EUs syn.





Bygge dobbeltspor. «Arbeidsløse franske og spanske anleggsarbeidere kunne få opp farten med å bygge dobbeltspor vi så svært trenger», skriver Dag Seierstad. Bildet viser et tog lastet med sviller på vei til en jernbaneutbygging i Setúbal i Portugal.

FOTO: NUNO MORÃO

Hjelp som er hjelp

«Norge har bidratt med 55 milliarder kroner til kriserammede EU-land.» Det har nok de fleste fått med seg. Det som ikke fortelles med like store bokstaver, er at milliardene er gitt som lån, lån som krever at regjeringene kutter så det svir både i arbeidslivet og på husholdningsbudsjettene.

Utenriksminister Støre begrunna hjelpen med at verdens rikeste land ikke kan vende ryggen til europeiske land i krise, men føyde raskt til at vi kom til å tjene på hjelpen: Lånet skulle jo betales tilbake, og med renter! Riktignok med lavere enn kriselanda kunne oppnå på de vanlige finansmarkedene.

Men hva er vitsen med å gi lån til land som allerede har for stor gjeld til at de klarer å betjene den? Og hva er vitsen med å tvinge land til å kutte på alt som kan kuttes når de trenger vekst for å få folk tilbake i arbeid?

Spørsmålet vi må stille oss her i Norge, er derfor: Er det mulig å hjelpe kriserammede land uten å øke gjelda deres og uten å koble hjelpa med krav om innstramning og privatisering? Forbausende mye slikt får vi til allerede, uten å løfte en ekstra finger.

For det første: De siste åra har rundt 200.000 arbeidstakere fra EU bidratt til de gode tidene i den norske samfunnsøkonomien. Halvparten av dem kom fra nye EU-land i øst, de fleste fra Polen og de baltiske statene. Nesten en tredel er

Arbeidsinnvandrerne har økt Norges brutto nasjonalprodukt med flere titalls milliarder hvert år de siste åra.

kommet fra andre nordiske land, men også de fra land med langt høyere arbeidsløshet enn i Norge.

Arbeidsinnvandrerne har økt Norges brutto nasjonalprodukt med flere titalls milliarder hvert år de siste åra. Sjøl om vi antar at de bare øker nasjonalproduktet med halvparten av det en gjennomsnittlig norsk arbeidstaker bidrar med, betyr dette et tilskudd til norsk økonomi på minst 40 milliarder kroner i året.

Gigantlånet på 55 milliarder er – i hvert fall så langt – ment som et engangsbidrag. De 40 milliardene kommer som tilskudd til den norske samfunnsøkonomien hvert år.

For det andre: 60.000 av arbeidsinnvandrerne kommer fra våre nordiske naboland der mange av dem ville vært arbeidsløse – eller ha fortrengt andre som ville ha blitt arbeidsløse. Røft anslått betyr det at vi avlaster våre nordiske naboland for trygdeutgifter i størrelsesorden 5-10 milliarder kroner i året. Det er det dobbelte av det som Støre regner med å hente inn i renteinntekter på IMF-lånet.

Men vi kan gjøre mer, og målrette hjelpen. Ett rammevilkår må vi kanskje

legge: Vi får hjelpe slik at vi her i Norge ikke taper på den hjelpen vi gir. Bedre er vi nok ikke.

Eksempel 1: Når vi tar imot innpå 100.000 arbeidsinnvandrere fra Polen og Baltikum, taper vi disse statene for arbeidskraft de kunne trenge sjøl. Helsearbeidere og faglærte anleggs- og bygningsarbeidere er for lengst blitt mangelvare i mange land. Vi kunne finansiere helseutdanning og lærlingopplegg i land som nå kutter i alle typer utdanning og opplæring.

Eksempel 2: Vi kunne sende langt flere med lidelser som psoriasis og leddgift til lengre solopphold sør i Europa.

Eksempel 3: Vi kunne opprette helsesentre på spanskekysten bemanna med arbeidsløse spanske helsearbeidere der hvor særlig mange norske pensjonister (og Frp-velgere) har slått seg ned. Der står 800.000 leiligheter tomme, og sikkert også bygninger som kunne egne seg som helsesentre.

Eksempel 4: Vi kunne la svenske jernbaneplanleggere og arbeidsløse anleggsarbeidere ta over «på rot» jobben med å oppgradere jernbanelinjene Oslo-Karlstad og Oslo-Göteborg. Arbeidsløse franske og spanske anleggsarbeidere

kunne få opp farten med å bygge dobbeltspor vi så svært trenger.

Eksempel 5: Vi kunne støtte oppbyggingen av fagforeninger i østlige EU-land langt utover det vi gjør i dag. Det ville på sikt gi bedre lønns- og arbeidsvilkår der øst og motvirke de mest ekstreme formene for hel- og halvkriminell sosial dumping i land som Norge.

Det er i denne retningen vi kan bidra, vi som lever i et land med overflod av penger «vi ikke kan bruke innenlands», ikke «vender ryggen til det kriserammede Europa» slik vi halvveis har gjort med IMF-lånet på 55 milliarder kroner!

Alternativet er som kjent å bruke pengeoverfloden til å kjøpe aksjer i europeiske selskap som blir mindre verdt jo verre det går med Europa.



Dag Seierstad
Varamedlem til styret i Nei til EU

AP-LEIINGA ÅLEINE FOR VIKARBYRÅDIREKTIVET:

Trassar 1,4 mill. fag

Arbeiderpartiet vender seg til Høgre og Frp for å få fleirtal for EUs vikarbyrådirektiv i Stortinget. Men kampen mot direktivet er ikkje over.

Alt tyder no på at leiinga i Arbeiderpartiet vil ha trumfa gjennom eit regjeringsvedtak om å innføre EUs vikarbyrådirektiv innan artikkelen vert lesen. Regjeringsvedtaket vil i så fall ende opp i ein proposisjon som vert lagt fram for Stortinget.

– Regjeringen står nå fritt til å vedta det omstridte vikarbyrådirektiv, seier statsminister Jens Stoltenberg, ifølgje VG.

– Regjeringen som regjering må ta en beslutning når høringsrunden er over. Normalt er det bare én høring i saker. Men i denne saken har vi hatt to, og høringsrunden gikk ut i slutten av januar.

Regjeringspartnarane SV og Senterpartiet har gjort det klart at dei er mot direktivet, og Arbeiderpartiet må difor vende seg til Høgre og Frp for å sikre fleirtal for innføring av direktivet. Ei samla fagrørsla, AUF og stadig fleire fylkeslag i Ap har slutta seg til motstandarane av direktivet.

SV og Sp protesterer

Både Senterpartiet og SV har no gått klart ut mot vikarbyrådirektiv. 13. februar gjorde sentralstyret i Senterpartiet vedtak om at dei ikkje ønskjer «vikarbyrådirektiv innført i norsk rett, og vil arbeide mot en slik beslutning ved å benytte vetoet i saken».

– Vi går inn i dette for å få gjennomslag, seier Sp-leiar Liv Signe Navarsete til Aftenposten.

– Skal det bare være ett parti som avgjør hva regjeringen mener, vil ikke jeg være med i regjering, seier ho.

SV har lenge vore mot vikarbyrådirektiv, og før handsaminga i regjeringa opna påtropsande SV-leiar Audun Lysbakken for dissens mot direktivet.

– Det er et sterkt ønske i partiet om at vi ikke bidrar til at vikarbyrådirektiv blir innført i Norge. Derfor er det absolutt aktuelt å ta ut dissens i regjeringen, seier Audun Lysbakken til Klassekampen.

Han reagerer på at Ap-leiinga ikkje høyrer på krava frå fagrørsla.

– Jeg skal ikke foregripe noe, men jeg synes det er rart hvis ikke den enorme mobiliseringen i fagbevegelsen gjør inntrykk på Ap, seier han.



Streik mot EU-direktiv. 18. januar gjekk fagrørsla til politisk streik mot eit EU-direktiv. Aksjonsdagen mot vikarbyrådirektivt samla tusenvis av demonstrantar



Mot vikarbyrådirektiv. Blant motstandarane finn vi Anders Folkestad (Unio), Eskil Pedersen (AUF), Marte Mjøs Persen (Ap i Bergen).

Fagrørsla for veto

Med vedtak på styremøte i Unio (295 000 medl.) 24. januar, i LO-sekretariatet (860 000 medl.) 30. januar og i sentralstyret i YS (215 000 medl.) 3. februar, står så godt som heile fagrørsla samla i kravet om å avvise vikarbyrådirektiv. Tidlegare har også NITO (66 000

medl.) og Norsk Journalistlag (9 500 medl.) sagt nei til direktivet. Hovudorganisasjonen Akademikerne (155 000 medl.) støttar derimot vikarbyrådirektiv.

– Direktivet sikrer ikke vikarene bra nok. Likebehandlingen mellom vikarer og andre er ikke

god nok, seier Unio-leiar Anders Folkestad til Frifagbevegelse.no.

Unio, som er hovudorganisasjonen for universitets- og høgskuleutdanna, meiner direktivet kan bidra til at det vert eit A- og eit B-lag i arbeidslivet.

– Det kan skje når rettighetene til vikarene ikke er godt nok tatt vare på. Hvis regjeringen ønsker å bedre situasjonen for vikarene, kan regjeringen gjøre det uavhengig av direktivet, seier Folkestad.

– LO kan ikke anbefale Stortinget å implementere vikarbyrådirektiv, seier LO-leiar Roar Flåthen i ei pressemelding. LO-sekretariatet sitt vedtak understreker at «uten garantier for at någjeldende bestemmelser og de foreslåtte tiltak kan videreføres uhindret av EØS-reglene, kan

heller ikke LO gi sin tilslutning til å implementere direktivet».

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS) støttar prinsippet om likehandsaming, men seier nei til vikarbyrådirektiv.

– Regjeringens vurderinger synes å være godt fundert. Likevel er det skapt såpass mye uro og tvil om direktivet, også blant YS' medlemmer, at vi anbefaler et veto, seier YS-leider Tore Eugen Kvalheim i ei pressemelding.

Akademikerne meiner derimot at direktivet vil kunne rydde opp i vikarbransjen.

– Dagens bestemmelser i arbeidsmiljøloven hvor fast ansettelse er hovedregelen må ikke endres, seier Akademikerne leiar Knut Aarbakke. Men nettopp spørsmålet om arbeidsmiljølova

Uorganiserte



og streikande, trass i eit tett snøskav.

FOTO: EIVIND FORMOE

vil stå seg i møte med vikarbyrådirektivet er svært omstridt (sjå eiga sak).

Veto frå AUF og fylka

Men Jens Stoltenberg må også merke presset frå eigne rekkjer. AUF bed Ap om å bruke vetoretten.

– Vi ber Arbeiderpartiet om å snu. Det har vært vårt syn lenge, seier AUF-leiar Eskil Pedersen til Aftenposten.

– Vår største bekymring er at ingen kan 100 prosent si at norsk arbeidsmiljølov vil bli stående hvis vi implementerer direktivet. Dette er også signalet fra fagbevegelsen. Vi har gjort vårt syn kjent, så nå ligger ballen hos departementet og Stortinget, seier Pedersen.

No veks også motstanden i

fylkeslag og lokallag av Arbeiderpartiet. Lokallaget i Bergen, det nest største Ap-laget i landet, vedtok på årsmøtet sitt 11. februar ei fråsegn der dei bed regjeringa bruke vetoretten mot vikarbyrådirektivet. Fråsegna vart vedteken med 46 mot 37 røyster. Tidlegare hadde Ap-laga mellom anna i Trondheim, Stavanger, Haugesund og fleire andre stadar gjort tilsvarende vedtak, og også styret i Aust-Agder Ap og arbeidsutvalet i Møre og Romsdal Ap krev veto.

– Vi ønsker at faste ansettelser skal være normen i norsk arbeidsliv også i framtiden, og mange frykter konsekvensene av vikarbyrådirektivet, seier leiar i Bergen Arbeiderparti, Marte Mjøs Persen, til Klassekampen.

– Jeg opplever at de gode

argumentene vinner fram i sånne saker og håper stortingsgruppa nå merker seg det store engasjement vi ser mange steder rundt om i Arbeiderpartiet.

Men partisekretæren i Ap, Raymond Johansen, slår fast at veto-vedtaka i Ap-laga ikkje får noko å seie for regjeringa sitt standpunkt.

– Ap har nå behandlet saken mer enn nok, seier han til VG.

– Vi har landsstyremøte to ganger i året, og landsmøte en gang hvert andre år. Dersom regjeringen hver gang de skal beslutte noe legger opp til en behandling hvor de venter på alle fylkesårsmøtene, så vil det kortslutte enhver prosess.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neiteileu.no

Flaut for Arbeiderpartiet

■ Dersom

Senterpartiet og SV tek disSENS mot vikarbyrådirektivet, vil Ap-leiinga måtte få med seg Høgre og Frp for å få fleirtal for direktivet, (sjå hovudsak). Arbeidspolitisk talsmann i Høgre, Torbjørn Røe Isaksen (bildet), seier til Klassekampen at Høgre er



meir enn villige til å hjelpe til i Stortinget, men at han trur saka kan verte pinleg for Arbeiderpartiet.

– Ap bruker en retorikk som tilsier at når de er uenige med LO, så er det helt greit. Men når Høyre er det, er det plutselig et angrep på den norske modellen. Nå står Ap mot en samlet fagbevegelse. Da lyder retorikken deres veldig hult, seier han til Klassekampen.

Ikke beroliget av hemmelig rapport

■ **Utredninger** fra både Utenriksdepartementet, Arbeidsdepartementet og Justisdepartementet vurderer det slik at EUs vikarbyrådirektiv ikke vil føre til endringer i arbeidsmiljøloven. Men disse vurderingene var hemmelige.

– Det jeg er opptatt av, er at vi kan ha de reglene vi har for å begrense bruk av vikarer, og det har jeg blitt veldig betrygget av gjennom de juridiske vurderingene jeg har fått, sa arbeidsminister Hanne Bjurstrøm til NRK 30. januar.

Et bredt krav om innsyn i rapportene ga resultat, men



SVs Karin Andersen (bildet) ble ikke beroliget av det hun fikk lese.

– Vi i SV og en bortimot samlet fagbevegelse mener dette er sterkt bekymringsfullt. Hvis vikarbyrådirektivet blir innført, og Efta-domstolen gir NHO rett, vil et av de viktigste fundamentene i norsk arbeidsliv bli borte; nemlig begrensningen på muligheten for å bruke vikar- og bemanningsbyråer i stedet for faste ansettelser, sier hun til frifagbevegelse.no.

Kan ende i Efta-domstolen

■ **Uroen** for hva som kan hende dersom Efta-domstolen blander seg inn i norsk arbeidsmiljølov, var avgjørende for at Senterpartiet gikk inn for veto. Geir Pollestad i Senterpartiet ba i et brev arbeidsminister Hanne Bjurstrøm svare på blant annet om det er «mulig å få økt grad av sikkerhet for at vi kan videreføre arbeidsmiljøloven dersom vi vedtar direktivet?»

Er det vært direkte kontakt mellom departementet og EU-siden for å få avklart forholdet mellom arbeidsmiljøloven og direktivet?»

I svaret frå Bjurstrøm skriv ho mellom anna at «Kommisjonen vil aldri kunne gi noen form for rettslig forhåndsgaranti; det er Efta-domstolen som kan fatte avgjørelser om norsk rett er i samsvar med direktivet».

VARME ORD & STIKK I SIDA

■ Standpunkt vil i dette nummeret dele ut Varme ord og Stikk i sida til:



Varme ord

Det greske folk, som motsetter seg EUs overgrep mot deres nasjonale suverenitet og demokrati. De bruker motmakt mot overmakta og går heller ikke til det ekstreme høyre, som mange har spådd og trodd. De holder håpet oppe om både arbeid, velferd og demokrati – mot EUs enøyde og skadelige kuttpolitikk, der demokratiet blir et hinder for markedsøkonomien.



Stikk i sida

Ledelsen i AP, som kollektivt forsvarer EUs vikarbyrådirektiv og mistenkeliggjør meningsmotstandere i og utafør eget parti og i fagbevegelsen. De erklærer sine motstandere for kunnskapsløse, og mener seg suverent hevet over saklige innvendinger og reaksjoner fra eget grunnplan og fra fagrørsla. Sjelden har vi sett maktfullkommenhet så åpenlyst demonstrert!



ROBERT NYBERG



kort og godt

Fascisme som løysing på EU-krisa?

■ Det er grunn til å vere uroleg for framtida til demokratiet i Europa. Sju land i Vest-Europa har fått færre demokrati-poeng i 2011 enn i 2010 på den årlege rangeringa gjennomført av *The Economist Intelligence Unit* (EIU). «Hovedgrunnen er svekkelse av suvereniteten og demokratisk ansvarlighet i kjølevannet av eurokrisen», skriv EIU i følge Dagbladet 22. desember. Noreg kom elles heilt på topp i denne demokrati-rangeringa.

Ikkje alle er like urolege over at demokratiet vert svekka. Professor Røgnvaldur Hannesson ved Norges Handelshøgskole i Bergen er ein av dei. I ein kronikk på E24.no 2. desember skriv han at «Finansmarkedene [har] felt to regjeringer i Europa i løpet av kort tid, men det er ikkje nødvendigvis noe å beklage at markedet overstyrer demokratiske prosesser».

Foreslår fascisme

Dette burde vere oppsiktsvekkjande, men ifølge Sven Egil Omdal i Aftenbladet.no skal det meir til å vekkje oppsikt i desse tider. «Du skjønner det er alvorlige tider når en professor ved Handelshøgskolen i Bergen åpent



Diktatur mot krisa.

Kuppet gjennomført av den chilenske militærdiktatoren Augusto Pinochet i 1973 vert av Hannesson framheva som eit døme på korleis finansmarknadene kan ordne opp. FOTO: WIKIMEDIA COMMONS

foreslår fascisme som løysing på Europas problemer, og det ikkje engang blir bråk», skriv Omdal i ein kommentar publisert 31. desember, med tittel «Europas førere uten folk».

Hannesson skriv at folkevalde regjeringar kan verte så opptekne av kva folket vil at «finansmarkedenes disiplin måtte til for å avsette udugelige regjeringer». Denne tanken reagerer Omdal sterkt på.

«Som et godt eksempel på

en slik fornuftig maktovertakelse nevner han kuppet i Chile i 1973, der den folkevalgte president Salvador Allende ble myrdet (sammen med noen tusener andre som heller ikkje forsto at det som er godt for ITT er godt for Chile). Spesielt begeistret er Hannesson over Pinochets løfte om «å ta seg av» den sosiale uroen slik at de liberalistiske leiesoldatene fra Chicago kunne ta seg av økonomien», skriv Omdal.

«Hannesson er en røst som roper i ørkenen, en profet for den nye tid. Hans begeistring for fascismen og hans forakt for folkestyret gir gjenlyd. Fascistene marsjerer allerede i Europas gater, fra Budapest til Roma. Ungarere forsvaret avviklingen av det ferske demokratiet i landet med at det er nødvendig å suspendere folkestyret for å redde det. Slik tenkte også Angela Merkel og Nicolas Sarkozy da de tvang de folkevalgte regjeringene i Italia og Hellas fra makten og erstattet dem med teknokrater oppdratt i den rette lære hos Goldman Sachs», heiter det vidare i kommentaren.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

INGA ENDRING AV PARAGRAF 93:

Klarte ikkje å endre spelereglane

7. februar handsama Stortinget framlegget om å endre paragraf 93 i Grunnlova. Tilhengarane av endringa nekta for at endringsframlegget handla om EU-spørsmålet, men som venta vart framlegget vraka.

Framlegget om å endre paragraf 93 kom frå Svein Roald Hansen (Ap), Marianne Aasen (Ap), Per Kristian Foss (H) og Inge Lønning (H), og ville redusere kravet til kvalifisert fleirtal for å avgje suverenitet frå 3/4 fleirtal til 2/3 fleirtal, etter ei folkerøysting. Framlegget vil-

le gjere det lettare å melde Noreg inn i EU. Framleggsstillarane hevda at EU-spørsmålet ikkje var bakgrunnen for framlegget, trassi at dei alle er EU-tilhengarar, og Svein Roald Hansen og Inge Lønning jamvel har vore leiarar i Europabevegelsen.

88 stortingsrepresentantar røysta for framlegget og 80 røysta mot. Talet på nei-røyster var altså langt over dei 57 røystene som trengdes for å hindre at framlegget vart vedteke. Det var også langt fleire som røysta nei enn dei 64 som hadde lova veljarane å gjere det i Nei til EU si undersøking frå 2009.

Engasjerte heile Nei til EU

Då eit tilsvarande framlegg skulle opp til handsaming i 2008 engasjerte det heile Nei til EU frå topp til grasrot, og fylkeslaga mobiliserte spontant for å hindre grunnlovsendring. Også denne gongen sette heile organisasjonen i verk ein kort kampanje for å verne om spelereglane.

– Nei til EU kartla i valgkampen 2009 alle kandidatenes standpunkt til dette forslaget fra EU-tilhengere i Ap og Høyre. Nei til EUs fylkeslag ba før stortingsbehandlingen Ap- og Frp-representanter om å redegjøre for sin kommende stemmegiving. På bakgrunn av de svarene vi fikk, kunne vi konstatere at forslaget ville bli nedstemt også denne gangen, seier Heming Olaussen, leiar i Nei til EU.

– Nei til EU vil derfor takke de folkevalgte som viste velgerne at de er til å stole på.

– Handlar ikkje om EU

I debatten i Stortinget før røystinga, var spørsmålet om framlegget handla om EU eller ikkje. Tilhengarane meinte at det ikkje gjorde det. Anders Anundsen frå Frp støtta endringsframlegget.

– Det dette grunnlovsforslaget

Valgløftene blir holdt!

■ Grunnlovens § 93 blir ikke endret
■ Spillereglene i EU-spørsmålet blir som før

Stortinget skal 7. februar behandle en innstilling fra et flertall i Kontroll- og konstitusjonskomiteen om å endre Grunnlovens § 93, slik at det i stedet for 3/4 flertall kun skal kreves 2/3 flertall for å avgjøre nasjonal suverenitet – i praksis til EU.

Nei til EU kartla i valgkampen 2009 alle kandidatenes standpunkt til dette forslaget fra EU-tilhengere i Ap og Høyre. Det samme forslaget ble nedstemt i 2008, men ble fremmet igjen av Svein Roald Hansen (Ap), Marianne Aasen (Ap), Per Kristian Foss (H) og Inge Lønning (H).

I 2009 var det 64 kandidater som i dag er stortingsrepresentanter som lovet velgerne å stemme mot forslaget. Det trengs 57 stemmer for å hindre det i å bli vedtatt. Nei til EUs fylkeslag har bedt kritiske Ap- og Frp-representanter om å redegjøre for sin kommende stemmegiving. På bakgrunn av de svar vi har fått, kan vi konstatere:

Forslaget vil bli nedstemt også denne gangen! Vi vil derfor takke de 60 folkevalgte som viser velgerne at de er til å stole på.

Dette gjelder:
Den samla stortingsgruppa til KrF, Sp, SV og Venstre – i alt 34 representantar.

Fra Arbeiderpartiet:

Jette F. Christensen, Line Vennessland, Tove-Lise Torve, Lilian Hansen, Sine Renate Høltun, Marianne Marthinsen, Truls Wickholm, Ingrid Heggø, Gunn Karin Gjul, Lene Vågslil, Bendiks Harald Arnesen, Hilde Anita Nyvoll, Thor Erik Forsberg, Lise Christoffersen, Sverre Myrli og Sivvald Oppengen Hansen.

Fra Fremskrittspartiet:

Jan-Henrik Fredriksen, Per Roar Brendvold, Arne Sortevik, Bente Thorsen, Åge Starheim, Per-Willy Amundsen, Ulf Leirstein, Vigdis



neitileu.no

Takka stortingsrepresentantane.

Kort tid før røystinga i Stortinget takka Nei til EU dei stortingsrepresentantane som ville halde fast på lovnaden om å røyste nei.



Marianne Aasen og Jette F. Christensen

egentlig dreier seg om, er iallfall ikkje EU. For det det dreier seg om, er hvor stort mindretall som kan overkjøre folkeviljen, sa han i debatten.

Han fekk støtte frå Marianne Aasen (Ap), som var ei av dei som stod bak framlegget.

– Jeg ønsker med dette innlegget å begrunne hvorfor jeg, sammen med tre andre representanter, har fremmet forslag om å endre paragraf 93. Det er som det er blitt sagt: Dette forslaget handler ikke om EU-medlemskap som sådant, men hvordan Stortinget skal forholde seg til folkeavstemninger, sa Aasen.

Dei som ikkje ønskte endringa meinte at det er EU-saka som er bakgrunnen for framlegget.

– Jagland sa i mars 1994: «Den siden som forsøker seg med triks og slagord, vil tape» – og så tapte han. Til dei sakene me har til behandling i dag, seier altså forslagsstillarane at det har ingen ting med EU å gjera, sa SV-representant Hallgeir Langeland.

– Alle her veit at det er EU det dreier seg om, og då må ein kunna seia at det er EU det dreier seg om. Så enkelt må det vera.

Ap-representant Jette F. Christensen slo fast at EU-saka er det einaste tilfellet der framlegget vil ha relevans.

– Det er ei større avgjerd å gje frå seg suverenitet enn å endre Grunnloven, særleg ein grunnlov som i sin fyrste paragraf slår fast at riket er fritt, sjølvstendig, udeleg og uavhengig. Såleis bør ein halde fram med å ha strengare krav til fleirtal, sa ho.

– Med dei grunngevingane rår eg Stortinget frå å støtte forslaget og dermed behalde Grunnlovens paragraf 93 akkurat sånn som ho er, slo ho fast. Og slik vart også resultatet.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

Medieblikk

Av Sindre Humberset



■ Det er ikkje alltid lett å få **ja-sida til å stille til debatt**, noko som sjølvstakt kan ha samanheng med at det ikkje er så mange att av dei. Men sidan debattar alltid er mest interessante når du har minst to personar med minst to ulike syn på det som er temaet, kan ikkje Nei til EU late vere å leite etter villege ja-folk. Der er sjølvstakt svært heiderlege unntak, som **Nikolai Astrup** og **Paal Frisvold**, som sjeldan let sjansen til ein EU-debatt gå frå seg, sjølv på eit Nei til EU-møte der dei neppe finn mange meiningsfeller. Men dei er som sagt unntaka. Hovudregelen er heller det motsette. **Grete Sørbø Solstad i Vest-Telemark Nei til EU** har forgjeves freista å få ja-folk til å debattere EØS-avtalen. «Eg har spurt 10-15 frå ja-sida. **Ingen vil stille**», seier Sørbø Solstad til Telemarksavisa 21. februar. **Jan B. Paulsen frå Europabevegelsen** forklarar det slik: «Dei toppar møtet med sjefen, Henning Olausen samtidig som det er mange nei-folk i salen. Me hadde **ikkje stilt opp om me hadde hatt tid**», seier Paulsen. Det får ein kalle reine ord for pengane. «Eg har vore med i Europabevegelsen i 50 år og trur framleis me blir medlemmer av EU. Europabevegelsen søv ikkje. Ved røystinga i 1994 kom me for seint i gang. No er me på heile tida», seier han. Jan B. Paulsen får orsake oss om vi ikkje deler heilt inntrykket av at Europabevegelsen «er på heile tida».

■ «Hvor langt nedover siden skroller du når du har **søkt etter informasjon på Google?** Hele første siden? [...] Skal du påvirke folk som søker informasjon om et emne på nettet må du sørge for å ligge langt fremme blant søkerresultatene. Det har **Arbeiderpartiet** forstått.» Det skriv NRK 31.1.2012, og fortel at Arbeiderpartiet har **kjøpt søkeordet «vikarbyrådirektivet»** av Google. Dermed kjem deira meining om direktivet opp som første treff. «På siden står det blant annet at: 'I denne saken har regjeringen fulgt opp LOs høringsuttalelse fra 2010. Etter Fellesforbundets landsmøte i oktober 2011 har mange forbund signalisert at de ønsker å ta i bruk reservasjonsretten'. Det du ikke får vite på Aps informasjonsside, er at **et samlet LO nå har sagt at de er mot direktivet**», heiter det i NRK-artikkelen. Ekspertane som NRK har snakka med er delte i spørsmålet om dette var lurt av Arbeiderpartiet, men dagen etter var **denne NRK-artikkelen**

det første du fann når du søkte på vikarbyrådirektivet. Og nettopp det oppslaget var vel neppe Arbeiderpartiet villege til å betale ekstra for.



■ Standpunkt-redaksjonen fekk svært positive tilbakemeldingar frå den store **aksjonsdagen mot vikarbyrådirektivet** 18. januar, der Standpunkt vart delt ut. **Avisene vart rivne bort** av entusiastiske streikande demonstrantar. Etter kvart kom det for ein dag at det ikkje var lesestoffet som var etterspurt, men heller dei **absorberande og skjermende eigenskapane** til avisa. På faksimilen frå Fria-fagbevegelse.no ser vi **Karin Andersen**, stortingsrepresentant for SV, og **Heming Olausen**, leiar i Nei til EU og ansvarleg redaktør i Standpunkt, gøyme seg for snøen under kvar sitt eksemplar av Standpunkt. Konservativ krefter vil kanskje etterlyse meir respekt for det trykte ord, men vi finn heller glede i at avisa kjem til nytte.



■ Trass i rekordstort nei-fleirtal freistar ja-sida å utdefinere EU-motstandarar ved å karakterisere dei som ekstremistar. Investor **Øystein Stray Spetalen** vart merksam på at **Julie Brodtkorb** i Høgre i august 2010 hadde sagt til DN at alle EU-motstandarane anten er radikale på den politiske venstresida, eller på den **«ytterste høyre fløy»**. Dette fann Spetalen seg ikkje i og sende e-post til Brodtkorb for å avklare om ho framleis meinte dette. «Jeg finner meg ikke i å bli stemplet som **tilnærmedesvis nazist eller fascist**, kun fordi jeg har vært forutseende nok til å være mot både norsk medlemskap i EU og euroen», sa Spetalen til Finansavisen 19. desember 2011, som laga eit grundig tresiders

oppslag om brunskvetting frå ja-sida. Spetalen meiner «EU er et **antidemokratisk prosjekt** som den økonomiske og politiske eliten har tjent på, mens industrien har blitt bygget ned og flere har blitt fattige». Vi kunne ikkje sagt det betre sjølv, og gler oss over at EU-motstanden no også har fått fotfeste i den siste demografiske gruppa: «Menn med over ein million i inntekt.»

■ Finansavisen tok også for seg den historiske brunskvettinga i EU-kampen. Avisa har snakka med **Anne Enger**, som kanskje hypigast støyte på metoden. «For hennes del toppet det seg i april 1992 da **Lars Erik Grønntun** – grunnlegger og styreformann i kommunikasjonsbyrået Gambit, Hill & Knowlton – lanserte kampanjen: **'Nasjonal Samling mot EU'**, hvor Erik Solheim og Anne Enger ble avbildet sammen med innvandringsmotstanderen Arne Myrdal på en plakat under denne tittelen, og med en typografi og symbolikk hentet fra NS-plakater», heiter det i artikkelen. «Senere møtte Lars Erik Grønntun opp på et 1. mai-arrangement på Rjukan hvor han med NRK på slep forsøkte å få overrakt Anne Enger en sort bok med et hakekors i rødt ('Mein Kampf?'). Kun inn gripen fra det Anne Enger kaller **'resolutte og handlekraftige bønder'** hindret NRK i å få de dramatiske bildene Grønntun hadde lovet dem,» skriv avisa, som avsluttar artikkelen slik: «Lars Erik Grønntun svarte ikke på Finansavisens henvendelse innen deadline.»

■ Når vi er inne på temaet lada språk og upassande biletbuk, så er det eit felt der **Paal Frisvold**, leiar i Europabevegelsen, hevdar seg godt. «Regjeringen driver med **etnisk EU-rensing**», slår Frisvold fast i NA24.no 30. januar. Dette er sjølvstakt ein oppsiktsvekkjande påstand, og gjer at vi kastar oss over artikkelen for å finne ut kva sak det dreier seg om. Og ifølgje Frisvold er det i kampen om **vikarbyrådirektivet** at regjeringa tyr til slike kritikkverdige verkemiddel. «Dette er et resultat av at Stoltenberg, Støre og Giske ikke tør å fronte hvor viktig EU er for norsk økonomi og samfunn», forklarar Frisvold vidare til NA24.no, utan at det for oss vert noko klarare på kva måte dette skal vere etnisk rensing. «Dette er ikke første gang. De



NETTIPS

Denne gangen har vi i nettspalten prioritert å gå inn på ja-sidens premisser og nettsider, med to norske og en dansk nettside der EU-motstand er ikke-eksisterende. God fornøyelse.

De tolv ja-bloggerne www.europabevegelsen.no/Blogg



Et knippe av den norske ja-sidens reneste og rankeste representanter blogger jevnlig om EU-saken. Europabevegelsen har samlet deres blogger på en felles side, og for Standpunkts lesere er det nok å ta tak i der. Det som er fordelene med blogg-konseptet er at det i tilknytning til hver artikkel er kommentarfelt der motstandere kan imøtegå lettvintheter, overdrivelser og denslags på de tolv ja-bloggerne. Advarsel: Det er tidvis krevende å holde humøret oppe når man leser artiklene fra Paal Frisvold og hans elleve disipler.

Ja-siden om Europautredningen www.europabevegelsen.no/Nyhetsarkiv/Norge-og-EU/Alt-om-Europautredningen



Den ikke akkurat EU-kritiske Europautredningen fra gruppen ledet av den notorisk EU-vennlige advokat Sejersted ble lagt fram på nyåret 2012. Ikke overraskende er den organiserte ja-siden begeistret for resultatet, og har samlet en del nyhetssaker om debatten rundt utredningen på en egen nettside. Europabevegelsen har selvsagt valgt seg ut en håndfull konklusjoner fra utredningen som passer dem som hånd i hanske, deriblant selvsagt det mer enn suspekte tallet «75 prosent medlem». Etersom Europautredningen kan forventes å legge premissene om debatten om EØS/EU framover vil det være en fordel om nei-folk har skummet sidene og således ser hvordan ja-siden feirer den.

Det danske formannskapet i EU www.EU2012.dk



1. januar overtok Danmark EU-formannskapet. Det er fire hovedtema for det danske formannskapet, som til sammen utgjør det man trygt kan kalle en orgie i slagord og velmenende fraser: *Et ansvarligt Europa; Et dynamisk Europa;*

Et grønt Europa; Et sikkert Europa. Danskenes EU-sider er temmelig nøkterne og inneholder kalender, presserom, nyheter og alt som slike sider forventes å omfatte. Den ferske danske statsministeren, Helle Thorning-Schmidt, som er sterk tilhenger av økt integrasjon, er et slags bærende element på sidene, og hilser alle besøkende med en video full av honnørord, bilder av småbarn og plingelyder. Det er interessant å se hvordan broderfolket soler seg i EU-glansen dette halvåret.

fikk det på landsmøtet i forbindelse med postdirektivet og nå er det LOs tur å gi AP-ledelsen korreks», sier Frisvold. Sjølv med all godvilje forstår vi rett og slett

ikkje kva ja-generalen meiner, men konstaterer at han nok også i dette tilfellet **kommunerer meir med kjensler enn med fornuften.**

PÅ NETT MED NEI TIL EU



Bli med 17. mars! Konferansen har følgende innledere: Gry Larsen, Arbeiderpartiet; Inga Marte Thorkildsen, SV; Sigbjørn Gjelsvik, Alternativer til dagens EØS-avtale; Erling Kjekstad, Nasjonen; Odd-Hallgeir Larsen, Fagforbundet; Sandra Borch, Senterungdommen; Trond Nordby, professor ved institutt for statsvitenskap, UiO; Heidi Lundeborg, Latin-Amerikagruppene.

LEGGER FRAM ÅTTE ALTERNATIVER TIL EØS:

Alternativene er på bordet!

– Realistiske alternativer finnes, sier Sigbjørn Gjelsvik, prosjektleder i *Alternativer til dagens EØS-avtale*. Åtte alternativer til dagens EØS-avtale beskrives og vurderes i prosjektets rapport som blir lagt fram 15. mars. 17. mars har Nei til EU konferanse om samme tema.

– Realistiske alternativer finnes, sier Sigbjørn Gjelsvik, prosjektleder i *Alternativer til dagens EØS-avtale*. Åtte alternativer til dagens EØS-avtale beskrives og vurderes i prosjektets rapport som blir lagt fram 15. mars.

Fellesforbundet, Bygdekvinnelaget, Natur og Ungdom, Nei til EU og tretten andre organisasjoner har utgjort prosjektet *Alternativer til dagens EØS-avtale*. Nå legger denne brede koalisjonen fram sin rapport.

– Det jeg tror vil vekke mest interesse i rapporten er beskrivelsen av alternativene, forteller Gjelsvik, som også innleder på Nei til EUs konferanse 17. mars.

Rapporten belyser ulike alternativer både med og uten dagens EØS-avtale. Alternativene uten dagens EØS-avtale kan være et handelsregime kun basert på den globale WTO-avtalen, handelsavtalen fra 1972 eller andre handels- og samarbeidsavtaler med ulike rammeverk. Alternativene som tar utgangspunkt i dagens EØS-avtale kan være å slanke EØS-avtalen eller å utnytte handlingsrommet i avtalen bedre.

Det demokratiske problemet kan for eksempel bøtes på ved å lage et rammeverk hvor EFTA-domstolen ikke kan overprøve vedtak fatta i Stortinget eller på lokalplan. Rapporten problematiserer også forholdet mellom Norge og EU, og en revitalisering av EFTA hvor Sveits deltar i en felles EFTA-handelsavtale med EU er beskrevet.

Selvstendig rapport

– Dette er ikke en kommentar til Europautredningen. Prosjektet har tatt mål av seg å belyse et område som Europautredningen er bedt om å holde seg unna, nemlig hvilke alternativ som fins. Derfor kan rapporten peke på løsninger på problemene som Europautredningen skisserer, for eksempel i forhold til demokrati, forklarer Gjelsvik

Når det gjelder utnyttning av handlingsrommet i EØS-avtalen knytter prosjektet seg til stoff fra Europautredningen.

– Men handlingsrommet er langt større enn det Sejersted-utvalget konkluderer med. Dette beskriver vi i rapporten.

Åpen og nyansert debatt

Prosjektet *Alternativer til dagens*



Sluttrapporten er klar.

Prosjektleder Sigbjørn Gjelsvik legger fram rapporten.

FOTO: EIVIND FORMOE

EØS-avtale mønstrer en unik bredde.

– Bredden er selvsagt en utfordring, men mest av alt en ressurs i arbeidet, sier Gjelsvik, og gir aktørene i gruppa honnør for arbeidet som er gjort for å kunne skape en felles rapport. Prosjektet har ikke hatt som mål å komme med en anbefaling, men gir beskrivelser, analyser og vurderinger av alternativer.

– Målsettinga med å legge fram rapporten er å bidra til en åpen og mer nyansert debatt.

Meningsmålinger viser at folk ønsker seg handelsavtale framfor EØS-avtale når de blir spurt,

FAKTA

Umulige EØS - mulige løsninger

■ **Nei til EU inviterer til konferanse på Litteraturhuset i Oslo (Wergelandsvn. 29) 17. mars kl. 09.30-16.30 og setter EØS-avtalen på dagsorden. Arrangementet er gratis.**

■ Hva er galt med EØS?
■ Hvordan kan dagens EØS-avtale endres?

■ Finnes det en egen veg for Norge i møte med EU?

Konferansen er åpen for deg som er kritisk, for deg som forsvarer EØS-avtalen og for deg som vil lære mer. Vi ønsker en åpen debatt.
